

Referat frå Folkeriksdagen i Ljungskile 2026:

Nordens tid er no!

Nordisk folkeriksdag 2026 i Båhuslen med hovudtema *Nordisk samling*.

Nordisk folkeriksdag vart i år halden i den idylliske bygda Ljungskile 6.-9. august, rett sør for Uddevalla i Båhuslen. (Eller Oddevold, det gamle norske bynamnet, som mange av dei lokale framleis seier, og som jamvel er namnet på fotballklubben.)

Arrangørar var Fritt Norden Sverige og Fritt Norden Norge. Folkeriksdagen går på omgang i dei nordiske landa.

I fjor vart han halden på Bornholm, og neste år er det Norge sin tur. Sia folkeriksdagane starta i 1990, har dei stort sett vore haldne nesten kvar seinsommar rundt i Skandinavia, med unnatak av to gonger i Finland, ein gong på Åland, ein på Færøyane og ein på Island.

I år dreide mesta alle føredraga om Nordisk samling, og temaet har gått som ein farsott rundt i avisene i heile Norden det siste året. Berre riksdags- og tingfolka våre ser ut til å vera dauve for ønsket til dei nordiske folka om tettare nordisk samling. Nato og EU går det ikkje an å lita på.

Føredraga denne gongen var av særskild høg kvalitet, så riksdagen er vorten eit lærdomsseminar, like mykje som ein arena for nordisk forbrødring og festivitas.

Spesielt må nemnast «Det grønne skiftet» av dr.ing. Ole Kristian Setnes, som er leiar av Oslo Nei til EU og NtEUs miljøutval. Heile framstillinga var ein svir i avsløring av luftslott og mytar kring dei alternative energikjeldene, om korleis kapitalkreftene har låst oss fast til vonlause satsingar på vindkraft, og neglisjert t.d. jordvarme, som krev tolmodig forskning, men som er meir lovande på lang sikt.

Nemnast må også ein annan romsdaling, oberstløytnant Tor Petter Ekroll, tidlegare hovudlærer på Forsvarets Høgskule, tidlegare varaordførar i Moss (Sp) og grunnleggjar av Norexit, som under den harmlause tittelen «Norden i ein internasjonal samanheng», gav ei skakande forteljing om utviklinga av internasjonal finansverden i moderne tid.

Håkan Larsson, tidlegare riksdagsmann for Senterpartiet, presenterte boka si *Dags för Norden*, og redaktør Jörgen Bengtson gav eit sterkt innlegg «Från Statsförbundet Norden till Förbundsstaten Norden». På folkeriksdagen i Kungälv i 2020 nøyde han seg med Statsförbundet Norden (gjengitt i Friheten nr 20/2020), no gjekk han eit steg vidare og ivra for ein full förbundsstat. Hovudargumentet hans er at dei nordiske folka høyrer til same *demos*, eller folk, som er grunnsteinen i ein nasjon eller folkestyre.

Karin Utas Karlsson og Peter Norrthon frå den svenske fredsrørsla tala om «Fredeleg konfliktløysing».

Alexander Fossen Lange, som er politisk rådgjevar i NtEU, tala om «Kroner eller Euro», i norsk perspektiv, saman med Sten Rodenberg, som tok det vidare til det nordiske.

Fleire fortener også å nemnast, mellom anna hadde vi ein paneldebatt, «Vart er Norden på veg?», med T.P. Ekroll, Ingela Mårtensson, tidl. riksdagrepr. (Folkpartiet), Tomas Magnusson, tidl. leiar for Svenska Freds- og Skiljedomsföreringen, og den danske professoren Drude Dahlerup.

Kvar av desse skulle hatt sitt eige referat, i denne omgangen får «Euro eller krona?» av Sten Rodenberg rekke (kjem på heimesidene).

Dessutan vart vi til slutt samde om ein sluttresolusjon, **Vil ditt parti støtte et nordisk forbund, uavhengig av stormaktene?**